



Showboat AS  
Skoltegrunnskaien 2-3  
5003 BERGEN

Referanser:

Dykkar: Ref.:NE344M- Skjemanr.:208  
Vår: 15/163 - 15/7567

Saksbehandlar:

Lin Tove Thomassen  
lin.tove.thomassen@radoy.kommune.no

Dato:

25.06.2015

## Svar på søknad om skjenkeløyve - ope arrangement

Viser til dykkar søknader om skjenkeløyve datert 10.06.15 og endra søknad 19.06.15.

Showboat AS skal gjennomføre eit arrangement med ambulerande skjenking.

Måndag 6. juli er det planlagt framføring av revy med Ausekarane om bord på MS Showtime ved kai i Bøvågen. Det er søkt om skjenking for alkoholhaldig drikk under 22 % frå kl 16.00 – 00.30.

I Radøy kommune sin ruspolitiske handlingsplan står det: «*Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve ved arrangement som er rekna for bl.a. barn og unge.*» Det er ikkje oppgjeve aldersgrense på arrangementet. Etter samtale med søkjar vurderer vi arrangementet som eit arrangement for vaksne.

Søknaden er sendt til uttale hjå NAV Radøy og Nordhordland lensmannskontor. Dei har ingen merknader til søknaden.

Rådmannen har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:

Med heimel i alkohollova §§ 4-4 og 4-5 og kommunestyret si delegering av mynde til rådmannen, vert det gjeve skjenkeløyve for einskildhøve for alkoholhaldig drikk **under 22% frå kl.16.00 til kl.00.30 om bord i MS showboat** i samband med revy måndag 6. juli 2015. Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halv time etter at skjenketida er slutt.

Ansvarleg for løyvet er **Harald Skogheim**, Våganeset 21, 5106 Øvre Ervik, f. 15.02.1965, med **Frode Bekkenes** f. 04.08.65.som stadfortredar.

Aldersgrensa for kjøp av øl og vin er 18 år. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkohollova og forskrifta til alkohollova vert fylgde.

Kommunen sine alkoholkontrollørar kan koma på besøk for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.

For bruk av skjenkeløyve for einskildhøve skal det i dette tilfelle betalast ei avgift på kr 310,-

Dersom du har spørsmål i saka kontakt kultur- og sørvistorget.

Med helsing

Lin Tove Thomassen  
leiar kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alkoholkontrollen i Nordhordland  
og Gulen

**Mottakarar:**

Showboat AS

Skoltegrunnskaien 5003  
2-3

BERGEN